



Daniel og Inger Marie Jordal
Ådlandsvegen 785
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3807 - 14/15123

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
08.10.2014

Retting av eigedomsgrenser i matrikkelkartet for GBNR 39/5, 34,35

I brev datert 12.09.2014 har alle heimelshavarar til gnr. 39 bnr. 5, 34, 35, 3 og 1 skrive under på at dei ber om retting av kart der eigedomsgrensene er feil innteikna på kartet. Det låg ved kart med framlegg til rette grenser og kopi av skyldskifte og utskiftingspapir for dei aktuelle grensene.

Eigedomsgrensene til nausttomtane 39/34 og 39/35 var grovt feilplassert i kartet då dei var altfor store og gjekk langt syd for vegen, medan dei skulle vore avgrensa til å ligge berre nord for vegen. 39/34 var også plassert 2 stadar i kartet, då den i tillegg låg som ein sirkeleigedom inne på 39/3. Ut i frå dokumentasjonen som låg føre var det openbart at grensene som låg i matrikkelkartet var feil.

På bakgrunn av at alle partar på førehand har vore samde om denne rettinga og på bakgrunn av dokumentasjonen som er på eigedomsgrensene her, har kommunen gjennomført rettinga i matrikkelen.

Grensene er stort sett retta i samsvar med innsendt kartvedlegg til rettesaka, med unnatak av nordvestre grense til 39/34 som var teikna inn noko for lang i høve måla frå skyldskiftet og sydaustre grensa til naustetomta 39/5 som var teikna noko for kort. Dersom ein ynskjer grensene meir nøyaktig oppmålt og eventuelt nymerka må partane rekvirera oppmålingsforretning over eksisterande grenser enten hjå kommunen eller hjå jordskifteretten. Slik forretning vil partane måtte betale for.

Nordre grensa til naustetomta 39/34 skal vera samanfallande med gardsgrensa til 39/1. Det er ikkje gjort noko retting av gardsgrensa til 39/1 i denne saka. Dette må eventuelt rekvirerast som eiga rettesak.

Det er skrive ut nye matrikkelbrev for alle eigedommene som har fått endra grenser- dvs 39/ 5, 34 og 35. Grensene til 39/1 er ikkje endra. For naboeigedommar vert det sendt ut kopi av forenkla matrikkelbrev som viser eigedomsgrensene etter retting.

I samsvar med matrikkellova §26 vert de med dette informert om rettinga og har høve til å klaga på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
39_5_34_35kart

Mottakere:

Daniel og Inger Marie Jordal	Ådlandsvegen 785	5918	FREKHAUG
Hanna Gaustad	Lonerenen 97	5918	FREKHAUG
Kurt Gaustad	Ådlandsvegen 695	5918	FREKHAUG
Trond Gaustad	Gaustad 10	5918	FREKHAUG
Wilfred Berthelsen	Ådlandsvegen 661	5918	FREKHAUG